



Hordaland fylkeskommune

11 APR 2017

Hordaland Fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår ref. 16/562- 4
 Jp.id. 17/3586

Saksh. Solfrid Borge
 Tlf. 53671507

Arkiv
 N - 101.2

Dato
 06.04.2017

Regional transportplan Hordaland 2018-2029 - høyringsuttale frå Ullensvang herad

Planframlegget for Regional transportplan Hordaland (RTP) 2018-2029 er no på høyring med ein høyringsfrist 7. april, jamfør vedtak i fylkesutvalet 23. februar 2017.

Høyringa er open for alle, og kommunane er invitert til å koma med høyringsframlegg, jf. eige høyringsbrev av 24. februar d.å. Fylkeskommunen inviterte til opne høyringsmøte 14. mars i Bergen der Ullensvang var representert ved ordføraren.

RTP Hordaland 2018-2029 er ei rullering av RTP Hordaland 2013-2024.

Investeringsprogrammet er lyfta ut or planframlegget som no er på høyring. Det vert utarbeida eige investeringsprogram for fylkesvegnettet, som skal på høyring hausten 2017. Med endring i opplegg for og utforming av handlingsprogram og investeringsprogram, vert det lagt opp til eit skilje mellom strategiske diskusjonar og prioritering av konkrete prosjekt. Planframlegget er i all hovudsak eit overordna strategisk dokument, der fylkeskommunen i særleg grad ynskje innspel på mål, strategiar, overordna prioriteringar og tiltak.

Ullensvang herad vil støtta uttalen frå Hardangerrådet, sak 09/17 av 30. mars 2017, men ynskje å koma med nokon tilleggsinnspel og konkrete tiltak for Ullensvang sin del.

At planframlegget legg opp til ei auka satsing på trygge skulevegar, gang- og sykkelvegar er positivt, og det må gjelda heile fylket, ikkje berre dei bynære stroka.

Trygge skulevegar:

Trygge skulevegar er viktig for Ullensvang med sin utfordrande geografi, store avstandar og spreidd busetnad.

FV 108 Kinsarvik-Huse er den fylkesvegen der flest skuleborn ferdast. Det er ingen gang- og sykkelveg, borna går i lag med både tungransporten som skal til industrifeltet på Huse, i tillegg til all trafikk til bustadfeltet på Huse og Bråvoll. Det er sterkt påkrevd med ny veg for skuleborna over elva til Kinsarvik skule, om det ikkje vert laga til gang- og sykkelveg i tilknytning til eksisterande veg. Dette vil me konkret koma attende til i investeringsprogrammet til hausten.

Busstopp for skuleborna. Viktig at desse er plasserte slik at både skuleborna og dei trafikkerande er ivaretekne.

Vegljos:

Fv 101 frå Sekse til Hovland har no fått ny asfalt, noko me er sers takksame for. Men vegljosa sluttar ved bustadfeltet i Flisabakken. Det er no søkt om å få vegljosa på heile strekkja til Hovland slik at skuleborna slepp å ferdast i mørket.

Det er generelt eit problem med vegljosa både langs fylkes og riksvegane våre i samband med busstoppane som skuleborna nyttar.

Skilting:

Skilting er ei utfordring i seg sjølv. Ullensvang oppleve det som vanskeleg å få gehør hjå Statens vegvesen når det gjeld skilting, og ikkje minst kven, kor og når det skal skiltast. For oss som bur ute i distrikta er det viktig at det vert skilta til dei minder plassene, å ikkje berre til tettstadane. FV 550 frå Odda til Utne, der er det skilta i dag både i Kløvet RV13 og i rundkøyringa i Odda. No skal denne skiltinga takast bort – kvifor?

Ferjetilbodet:

Ferjesambandet Kinsarvik- Utne, og Utne –Kvanndal er bindeleddet mellom fjordsidene i Ullensvang. Når no nytt anbod trer i kraft frå 2020, er det viktig at frekvens, kapasitet og standard vert forbetra og ikkje forringa.


Konkrete tiltak på fylkesvegane i Ullensvang:

Det vil me koma attende til når investeringsprogrammet ligg føre.

Ullensvang herad ser fram til vidare godt samarbeid med fylkeskommunen, og vonar at me ser igjen nokon av tiltaka når investeringsprogrammet for Regional Transportplan ligg føre til hausten.

Lukka til med det vidare arbeidet og god påske i fylkeskommunen!

Med helsing
Ullensvang herad



Solfrid Borge
ordførar

Kopi til:
Formannskapet
Hardangerrådet

Kopi til arkiv og kopibok